

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Utvalet for opplæring og helse tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at det på noverande tidspunkt ikkje blir innført forsøk med språkdelt klassar i vidaregåande skular før det føreligg meir forskning.

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Solbjørg Marjala (R) sette fram slikt tilleggssforslag:

«Utval for opplæring og helse er oppteken av å sikre eit levende og aktivt nynorsk skriftspråk i vidaregåande skule i Hordaland. Målet må vere at alle elever får all undervisning og alt undervisningsmateriell i alle fag på hovudmålet sitt. Utvalet for opplæring og helse ber fylkesrådmannen arbeide aktivt for å få gjennomført eit forskingsprosjekt i samarbeid med Universitet i Bergen og eventuelt andre forskingsinstitusjonar for å få avklart i kva grad det skjer målbyte mellom elever i Hordaland, kvifor dette skjer og kva som kan gjerast for å motverke det. Utval for opplæring og helse ber om ei sak om korleis nynorsk kan styrkast i vidaregåande skule i Hordaland.»

### **Røysting**

Marjala sitt forslag fekk to røyster (R og SV) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at det på noverande tidspunkt ikkje blir innført forsøk med språkdelt klassar i vidaregåande skular før det føreligg meir forskning.